

Vår ref.:
16/1739Saksbeh.:
GTArk.:
047, &13

Dykkar ref.:

Dato:
03.02.2016

RUTINE FOR BEHANDLING AV HØYRINGAR OG NOUÀR AV GENERELL KARAKTER

Kommunen mottar jamleg høyringar frå ulike instansar, samt omfattande NOUàr. Mange av desse har underordna interesse for kommunen, og er av ein slik karakter at det ikkje er mogleg å relatere dei til kommunen sine tenester, eller har ei fagspesifikk adresse. Det kan vere vanskeleg å skilje på kor grensa går, men høyringar med klar adresse utifrå fagleg innhald oversendast aktuell instans, eller til leiaren for aktuelt fag/tenesteområde. *Normalt vil også slike høyringar verte fanga opp av KS, som gir uttale på vegne av alle kommunane.*

For høyringar som går på kommunen sine særinteresser, eller det oppstår tvil om KS fangar slike særinteresser opp i sin uttale, kan det sjølvsagt vere aktuelt for kommunen å gi uttale på sjølvstendig grunnlag. Sakshandsamar (sbh) avklarar dette med sin leiar, med mindre sbh er kommunalsjef eller rådmannen sjølv.

Handtering:

NOUàne oppbevarast i biblioteket i 4. etg. (Utanfor Pål sitt kontor)

-**Fysiske høyringsdokument/hefter** som kjem inn, oppbevarast same stad.

-**Arkivet** scannar forsida og innholdslista, samt oversendingsbrevet til samlesaka i websak.

-**Leiar av service- og støttetjenester** er sbh for samlesaka, men endrar journalpost til ny sbh på grunnlag av høyringa sin karakter/adresse. Dette vil ofte være leiaren for tenesteområdet.

-**Ny sbh** gjer no ei sjølvstendig vurdering av om høyringa skal overførast alternativ sbh.

-**Ny sbh/alternativ sbh** tek stilling til om høyringa skal registrerast med "referer i utvalg", om den skal distribuerast ytterlegare, eller om jp skal avskrivast. (tatt til orientering t.d.).

Behandling/høyringsuttale:

-Blir det beslutta å gi høyringsuttale, skal det opprettast ny sak i websak. Send flaggmelding frå aktuell jp til arkivet, og be om at det vert oppretta ny sak for den aktuelle høyringa.

Med helsing

Gunnar Trones
Einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur